



Ove Eknes
Eidavegen 151
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3264 - 15/30316

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
21.09.2015

Gbnr239/8 løyve til deling av grunneigedom for arealoverføring til gbnr239/53.

Eigedom: gnr.239 bnr.8 Eknes ytre
Adresse for eigned.: Eknes 58, 5913 Eikangervåg
Type tiltak: Deling av grunneigedom for arealoverføring
Heimelshavar: Ove Eknes, Ranveig Eknes Kirkevik, Wenche Eknes
Søker: Ove Eknes (fullmakt)

Saka gjeld:

I samband med arveoppgjer og vidare sal av gnr.239 bnr.44 og 53 vert det søkt om løyve til å dele frå ein parsell på om lag 600m2 frå gnr.239 bnr.8. Parsellen skal overførast til 239/53. På parsellen ligg ein garasje, veg og parkeringsplass. Arealoverføringa er for å lage ordna grenser og eigedomstilhøve på staden.

Planstatus/dispensasjonar:

Alle eigedommane som er involvert i denne saka ligg område LNF sett av til fortetting. I perioden er det ikkje gjeve løyve til å føre opp nye einingar i området.

Saka her gjeld ikkje tomt til ny bustadeining, men berre justering av grense r og skifte av eigarskap til eit mindre areal.

Det er ikkje naudsynt med dispensasjon frå gjeldande plan.

Gnr.239 bnr.8 er landbruk. Men heile området der det involverte arealet ligg er i gardskartet for eigdommen klassifisert som areal for bygd areal og veg. Det er ikkje naudsynt å vurdere delinga i høve til §12 i jordlova.

Nabovarsel:

Det er ikkje sendt ut nabovarsel. Det er heller ikkje naudsynt, då det er søkarane sine eigedommar som er involvert i tiltaket og vert råka av endringane.

Tilkomst:

Den frådeltte parsellen vert del av 239/44 og 53. Denne eigdommen er bygget på og har tilkomst.



På den frådeltede parsellen ligg del av veg og parkeringsplass som i dag høyrer til gnr.239 bnr.8. Parsellen vert overført til ny eigar og gnr.239 bnr.8 kan ikkje lenger nytte den delen av vegen som vert overført. Dette har likevel ikkje noko å seie for drifta av landbrukseigedommen. Det er to tilkomstar til bruket på denne staden. Om rundkøyring ikkje lenger vert mogeleg av di eit midtparti vert stengt, fører det ikkje til ulemper eller hinder for bruket. Det ligg ikkje landbruksareal tilknytt den frådeltede parsellen av vegen. Det ligg føre avtale om denne endringa. Bygningar på parsellen er ikkje landbruksbygg.

Vassforsyning og avløp:

Det er ikkje knytt vassforsyning eller avløp til det frådeltede arealet.

VEDTAK:

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå om lag 600m² frå gnr.239 bnr.8 slik det er søkt om synt på kart som ligg ved søknad om deling motteke i kommunen 08.09.2015. Parsellen skal overførast til gnr.239 bnr.53 og føyast saman med denne.

Grunngjeving for vedtaket:

Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl §§20-1 og 26-1:

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld frådelding av om lag 600m² areal som i dag er nytta til veg, parkering og til eit garasjebygg. Parsellen ligg i område sett av til LNF fortetting. Parsellen skal vere tillegg til ein alt eksisterande bustadeigedom og skal ikkje nyttast til bygging av ny bustad. Tiltaket er ledd i arveoppgjer og tilrettelegging for vidare sal av den eksisterande bustadeigedommen, gnr.239 bnr.44 og 53.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i plan- og bygningslova.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. pbl §21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke 11.12.2014, gjeldande frå 01.01.2015, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med arealføremål, området er uregulert kr.6200,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av planavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Partane kan kalge til overordna mynde over avgjerda innan tre veker, jf. Forvaltningslova §§28 flg.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Ove Eknes

Eidavegen 151 5913

EIKANGERVÅG